

KM 9/05 Valkyrkjelydar

Saksdokument

Dokument 9.1/05

Saksorientering

Vedlegg 9.1.1/05

Ot. prp. nr. 30 "Om lov om endringar i lov av 7. juni 1996 nr 31 om Den norske kirke"

Dokument 9.2/05

Valkyrkjelydar

Her medrekna delegering av forsøk med valkyrkjelydar, kl § 24,6. leddet

Innstilling frå kyrkjemøtekomité B

Samandrag av saksorienteringa

Med bakgrunn i at Kyrkjemøtet 2002 handsama utgreiinga "Samme kirke – ny ordning", har Kyrkjerådet sett i gang eit utgreiingsarbeid om kyrkjeleg organisering. Eit av spørsmåla som er reist her, er om det er mogeleg å skipe valkyrkjelydar. Hausten 2004 la KKD fram Ot.prp. nr. 30 "Om lov om endringar i lov av 7. juni 1996 nr. 31 om Den norske kirke", der det er forslag om eit tillegg til kl § 24 nytt sjette ledd: *"Kirkemøtet kan godkjenne forsøk med valgmenigheter som selv finansierer sin virksomhet. Nærmere vilkår fastsettes av Kirkemøtet."*

Kyrkjerådet tilrår Kyrkjemøtet å godkjenne at det blir sett i gang forsøk etter denne heimelen. I sak BM 1/05 fastsette Bispemøtet tre kriterium for kyrkjelydsbygging i Den norske kyrkja: dåp som medlemskriterium, at kyrkjelyden har ordinert prest som har ansvar for å forvalte ord og sakrament, og at kyrkjelyden står under tilsyn av biskop.

Kyrkjerådet føreslår at Kyrkjemøtet delegerer til Kyrkjerådet å fastsetje reglar for godkjenning av forsøk med valkyrkjelydar etter dei kriteria som Kyrkjemøtet vedtek, og å godkjenne enkeltforsøk med valkyrkjelydar.

Lova gir berre heimel til å drive forsøk med valkyrkjelydar, ikkje til å skipe valkyrkjelydar som ordinær ordning. Valkyrkjelydar får ikkje rett til økonomisk støtte frå stat, kommune eller fellesråd.

Komiteen sine merknader

Den norske kyrkja byggjer sin organisasjon på det geografiske soknet. Å høyre til i eit sokn er også grunnlag for å høyre til i kyrkja. Denne måten å organisere kyrkja på tek vare på kyrkja sin allmenne og opne kjenneteiken .

Ein valkyrkjelyd er ein annan måte å organisere kyrkjelyden på. Dei som sluttar seg saman til ein valkyrkjelyd, har ikkje det geografiske soknet som utgangspunkt. Årsaka kan vere endringar i samfunnet som gjer at geografisk tilhøyring ikkje naturleg fell saman med kyrkjeleg tilhøyring, Det kan også vere ønske om fellesskap, andre arbeidsformer eller bestemte interesser og val.

Komiteen ønskjer at det er rom for mangfald i kyrkja. Dette kjem på fleire måtar til uttrykk i dag i ulike grupper og arbeidsformer. I visse høve kan det vere ønskeleg å prøve ut alternative måtar å organisere kyrkjelyden på. Dette har vore drøfta på tidlegare kyrkjemøte, slik det kom fram i komitémerknader frå Kyrkjemøtet i 2002:

Komiteen vil også vise til enkelte andre temaer som mange høringsinstanser er opptatt av. Det gjelder for eksempel etablering av ordninger for valgmenigheter og soknebåndsløsning og ansvaret for kirkegårdsforvaltningen.

Komiteen registrerer at dette er temaer som er viktige for at kirken skal kunne fungere bedre på lokalplanet, og som kan bidra til at engasjementet, motivasjonen og delaktigheten lokalt stimuleres og utvikles. (Sak KM 09/02)

Komiteen ønskjer å opne for at det vert gjort forsøk med valkyrkjelydar og trur at det kan gje nyttige innspel i arbeidet med framtidig kyrkjestructur, både i forlenginga av Stat-kyrkjeutgreiinga og reformarbeidet i kyrkja.

Komiteen vonar at forsøk med valkyrkjelydar kan gje engasjement og styrke deltakinga også i dei geografiske kyrkjelydane.

Komiteen ser det som viktig at Kyrkjerådet også arbeider vidare med spørsmål om løysing av sokneband.

Komiteen meiner at dei kriteria som er sett opp i framlegget til vedtak er tenlege for det vidare forsøksarbeidet. Komiteen vil gje kommentarar til nokre av kriteria.

- i. Komiteen les dette punktet i lys av Bispemøtets vedtak i saka om "Forsøk med alternative menighetsdannelser: "Medlemskap i Den norske kirke er basert på dåp. (...) Det må ikke stilles krav til medlemskap som kommuniserer en annen forståelse av dåpen og kirken enn den som vår kirke bekjenner og lærer". (sak BM 1/05).
- ii. Komiteen vil i denne samanheng vise både til Kyrkja sin visjon om å vere ei vedkjennande, misjonerande, tenande og open folkekyrkje og Kyrkjemøtets handsaming av dokumentet "Kirkens identitet og oppdrag" på Kyrkjemøtet i 2004.
- Viii Komiteen forstår dette punktet slik at alle krav kring rapportering og rekneskapsføring som ligg føre i kyrkjelova og føreskrifter, skal gjelde for soknet. Komiteen meiner også at kyrkjelova og andre føreskrifter gjeld for valkyrkjelydar på alle område som det ikkje er teke unntak for i samband med oppstart av forsøk.
- viii. Komiteen meiner at ein valkyrkjelyd normalt skal knytast til det prosti og bispedøme der kyrkjelyden har si adresse. Kyrkjelyden står under tilsyn av biskopen i bispedømet der kyrkjelyden ligg. Det vil og vere tenleg om kyrkjelyden

vert knytt mot eit fellestråd, men det vil ein måtte ta stilling til i det einsskilde forsøk, ut frå kva som er mogeleg ut frå geografisk tilknytning til kommune.

- xi. I samband med at forsøket skal evaluerast må det vere ein føresetnad at valkyrkjelyden kan oppløysast eller tilpassast den ordinære soknestrukturen i Den norske kyrkja. Komiteen føreset at dette vert avklåra i samband med oppstart av det einsskilde forsøk. På same måte meiner komiteen at det må avklårast i det einsskilde forsøk lengda på forsøksperioden. Komiteen er samd i at lengda normalt bør vere 3 – 5 år.

Når det vert søkt om skiping av valkyrkjelyd, vil komiteen understreke at det er viktig med gode rutiner for sakshandsaming, som ivaretek at alle berørte organ, både lokale og regionale, får høve til å gje fråsegn.

Komiteen ber Kyrkjerådet arbeide vidare med korleis ein eventuelt kan knyte valkyrkjelydar til Den norske kyrkja som ordinære sokn.

Kyrkjemøtet sitt vedtak

1. I medhald av kyrkjelova § 24,6 delegerer Kyrkjemøtet til Kyrkjerådet å fastsetje regelverk for forsøksarbeid i samsvar med desse kriteria:
 - i. Kyrkjelyden har dåp som medlemskriterium, jamfør BM 01/05, 1.
 - ii. Kyrkjelyden deler visjonen til Den norske kyrkja slik Kyrkjemøtet uttrykkjer han.
 - iii. Kyrkjelyden har ein ordinert prest som er ansvarleg for å forvalte ord og sakrament.
 - iv. Kyrkjelyden er villig til å ta ansvar for alle kyrkjelege handlingar for medlemne i kyrkjelyden.
 - v. Kyrkjelyden står under tilsyn av biskopen i bispedømet der kyrkjelyden ligg.
 - vi. Kyrkjelyden skal ha eit sokneråd valt av medlemne.
 - vii. Det ligg føre eit forsvarleg økonomisk fundament for kyrkjelyden i forsøksperioden.
 - viii. Det er avklart korleis ein skal løyse oppgåver som gjeld forvaltning og arbeidsgivaransvar, som til dømes kyrkjebokføring, tilsetjingar og rapportering, og kva slags avtalar som skal gjelde dersom valkyrkjelyden blir oppløyst.
 - ix. Det er mogeleg å knyte valkyrkjelyden organisatorisk til dei regionale og/eller sentrale kyrkjelege organa.
 - x. Det skal skipast ei styrings-/referansegruppe med representantar for lokalt, regionalt og sentralt kyrkjeleg organ som følgjer forsøket.
 - xi. Forsøket skal evaluerast.
2. Kyrkjemøtet ber Kyrkjerådet om å innhente erfaringar frå tilsvarande forsøk i andre kyrkjer.
3. Kyrkjemøtet delegerer til Kyrkjerådet å godkjenne enkeltforsøk med valkyrkjelydar.
4. Kyrkjemøtet ber om å få rapport og evaluering frå forsøka til Kyrkjemøtet i 2011.